



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi startar verneprosess for Brosvikvatnet naturreservat i Gulen

Etter dialog med grunneigarane melder vi formell oppstart av skogvernprosess aust for Brosvikvatnet i Gulen kommune i Vestland. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Tilbudsområdet ligg i ei vestvendt li mellom innsjøen Brosvikvatnet og fjellområdet Lifjellet/Brosviksåta. Det føreslegne verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 8/1, 8/2 og 8/3 i Gulen kommune. Arealet er eigd av tre ulike private grunneigarar. Dei har underskrive tilbod om vern av Brosvikvatnet som naturreservat. Statsforvaltaren melder med dette oppstart av verneprosess for eit areal med storleik på 1481 dekar.

Kartlegging

Området vart undersøkt av BioFokus seinast i 2015 i samband med prosjektet «kystfuruskog», på oppdrag frå Miljødirektoratet. Området ligg i boreonemoral og mellomboreal vegetasjonssone mellom 26 og 350 meter over havet. Forvaltningsområdet foreslått av Biofokus inkluderte 15 naturtypelokalitetar og fekk 3 poeng (i øvre sjikt av regionalt verdifullt). To av disse naturtypelokalitetane er kartlagt som fattig boreonemoral regnskog, to er bekkekløft. Tilbudsområdet til frivillig skogvern dekker ikkje alle dei 15 naturtypelokalitetane.

Verneverdiar

Brosvikvatnet har god topografisk variasjon og vil kunne dekkje viktige manglar i skogvernet i fylket med bekkekløfter, kystfuruskog og boreonemoral blandingsskog. Verneverdiane er knytt, mellom anna, til gamal kystfuruskog med høg alder i sterk oseanisk seksjon (verdi B). Det er også gamal lavlandsblandingsskog (verdi B) med påvist rødlisteartar som t.d. gul pærelav (NT) og enkelte store, gamle eiketre. I kystbekkekløfta (verdi B) i Flategilet opptre gode forekomstar av uvanlege og krevjande artar. Det er relativt produktiv furu-blandingsskog. Dei mest verdifulle A-områda for den vestnorske regnskogen ligg utanfor tilbudsområdet.



Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om å redusere tap av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med om lag 3 prosent av skogen i fylket verna per 2020, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med eit vern av skogen ved Brosvikvatnet vil ein komme litt nærmare målet om å ta vare på større, samanhengande område med sjeldne og trua artar og naturtypar i fylket.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne skogen aust for Brosvikvatnet som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt og fangst, og ålmenta vil framleis kunne nytte området til enkelt friluftsliv, som å plukke matsopp og bær. Det vil være mogeleg å setje opp mobile jakttårn og forsiktig rydde kvist og småbusk i samband med storviltjakt. Kulturminne kan bli restaurert og ivareteke i samråd med kulturminnemynde. Området er i aktiv bruk av storfe i dag, og grunneigar vil kunne halde gjerde ved like jamfør tilstand/bruken på vernetidspunktet.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Send innspel til oppstartsmeldinga med brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfv/post@statsforvalteren.no innan **9. mai 2021**.



Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvalteren.no/vestland> under tema "Høyringar". Vi har også ei eiga [temaside](#) om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, samt lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar Maria Knagenhjelm på e-post fmsfmck@statsforvalteren.no

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Vedlegg:

- 1 Vernekart, Brosvikvatnet naturreservat, utkast
- 2 Forskrift om vern av Brosvikvatnet naturreservat, Gulen, utkast



Mottakerliste:

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Det norske skogselskap			
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavs plass	0130	OSLO
Sabima	Mariboesh gate 8	0183	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
YTRE SOGN TURLAG	c/o Marit Gjersvoll Sognevegen 4295	5961	BREKKE
AT Skog			
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Knut Håvard Brosvik	Dingevegen 289	5966	Eivindvik
Magnar Brosvik	Lihaugen 14	5960	Dalsøyra
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Anna Bygstad Vie	Dingevegen 339	5966	Eivindvik
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ



WWF Verdens naturfond

postboks 6784 St. Olavs Plass 0130 OSLO